

Fylkesmannen – alle
Møre og Romsdal fylke; Fylkeshuset 6404 MOLDE

Dykker ref

Vår ref
200702254

Dato
08.01.2009

Fullmaktsbrev Fylkesmannen, kapittel 1144 post 77

Med bakgrunn i St.prp. nr 1 (2008-2009) Landbruks- og matdepartementet (heretter LMD), samt Stortinget si behandling av denne, vert det i dette brevet gjeve rammetildeling innanfor kap.1144 post 77 ressursforvaltning og miljøtiltak i landbruket. Tildelinga skal gå til gjennomføring av konkrete prosjekt knytt til miljø- og ressursarbeid og til Fylkesmannens oppfølging av det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet.

Vedlegg 1 gjev oversikt over tildeling over kap. 1144 post 77. Vedlegg 2 gjev oversikt over møter i regi av LMD og Statens landbruksforvaltning (SLF) i 2009.

Utgiftene over kap. 1144 skal debiterast kapittelet fortløpende gjennom året og ikkje trekkast samla på slutten av året. LMD og Riksrevisjonen kan foreta kontroll om at midlane er brukt etter føresetnadane.

Det er ikkje høve til å nytte interimskonti i samband med kap. 1144 post 77, sjå brev av 22.05.2007 og 2.5.2008 til fylkesmennene fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet (heretter FAD).

Det er ikkje mogleg å overføre midlar på kap 1144 post 77 til neste år med mindre det ligg særskilde årsaker til grunn.

Det vil bli sendt ut et eige rundskriv for BU-midlane for 2009. I dette rundskrivet vil også den fylkesvise fordelinga gå fram. Forskrifta frå 15.02.2007 skal nyttast også i 2009. Det vert i ikkje sett av nye sentrale BU-midlalar med LMD som forvalter til areal- og busettingstiltak eller regionale utviklingsprosjekt i 2009.

1. INNLEIING

1.1 Generelt

Fylkesmannen skal ivareta dei nasjonale måla i landbrukspolitikken, og er ansvarleg for regional tilpassing av den nasjonale landbrukspolitikken. Regelmessig kontakt med kommunane skal stimulere til lokal forankring og aksept for viktige landbrukspolitiske målsetningar, som m.a. byggjer på regionale fortrinn. For vidare omtale av Fylkesmannen sine oppgåver syner vi til tildelingsbrevet for 2009 frå FAD, elektronisk embetsoppdrag for 2009, og fullmaktsbrev frå SLF av 19.12.2008. Vi syner og til departementet sitt tilskotsbrev til 4H Norge, der samarbeidet med Fylkesmannen er omtalt.

1.2 Styringsdialog LMD og Fylkesmannen

LMD gjennomfører styringsmøte med kvart embete annankvart år. I 2009 vil LMD gjennomføre styringsmøte i følgjande embete: Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Vest-Agder, Rogaland, Oslo og Akershus og Vestfold. Vi syner elles til tildelingsbrevet frå FAD 2009 for datoar. Det vil bli helde fagmøte og samlingar med landbruksavdelingane, jf. vedlagte møtekalender.

1.3 Teknisk planlegging

I Jordbruksoppgjeren for 2008 jf. St. prp nr. 69 (2007-2008) vart overføringa av dei tekniske planleggingstenestene i landbruket frå Fylkesmannen til Norsk Landbruksrådgiving endeleg vedteke. Tenesta skal overførast frå 1.1.2010, med unntak av Nordland og Troms som tek sikte på å overføre tenesta i løpet av 2009. Inntil ny ordning er etablert skal Fylkesmannen ivareta tenesta i dei embeta der teknisk planlegging framleis er ein del av oppgåveporteføljen. LMD understrekar viktigheita av å ha ein god dialog med Norsk Landbruksrådgiving i denne prosessen, samt å motivere berørte tilsette til å halde fram med denne arbeidsoppgåva i ny organisasjon. Det er også viktig at berørte tilsette får naudsynt informasjon om prosessen og at fristen for eventuell reservasjon mot å bli overført til ny arbeidsgjevar ikkje vert sett for tidleg.

2. NÄRMARE OM TILDELINGA PÅ KAPITTEL OG POSTAR

2.1 Kap. 1144 post 77 Ressursforvaltning og miljøtiltak i landbruket

I statsbudsjettet for 2009 vert det stilt kr. 6,1 millionar til disposisjon over kap. 1144 post 77. Nedanfor følgjer ei omtale over dei enkelte tildelingane som går direkte til fylkesmannsembata.

2.1.1 Rovviltkompensasjon

LMD gjev tilskot til dei embeta der konfliktane knytt til rovdyr er størst. Tildelinga skal kvalitetssikre førebyggjande tiltak som det vert gjeve offentleg stønad til. Landbruksavdelinga skal i samarbeid med miljøvernnavdelinga fylgje opp tap på beiter og moglegheiter for alternativ beitebruk. Dei skal og medverke til at fellingskvoter, lisensar og skadefellingar vert sett i samband med næringsdrift basert på utmarksbeite.

Fylkesmannen skal i samarbeid med dei regionale rovviltnemndene føre vidare arbeidet knytt til rovviltnemndene i tråd med St. meld nr. 15 (2003-2004) og signalra gjeve i Soria Moria-erklæringa. Fylkesmannen har ei viktig rolle knytt til samordning av miljøpolitiske og

landbrukspolitiske verkemiddel, samt å gje kommunane naudsynt informasjon om bruk av kommunale midlar som spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) til beiteformål.

Fylkesmannen skal bidra til å finne varige løysingar for ei framtdsretta beitenæringer og for bevaring av rovvilt i tråd med nasjonale mål, jf felles brev av 28.7.2006 om beitebruk. Det skal rapporterast for Fylkesmannens arbeid i 2009 i Fylkesmannens årsrapport.

2.1.2 Kommuneretta arbeid

Alle embete får ei særskild tildeling til kommuneretta arbeid. Midlane skal bidra til å styrke kommunane si rolle som landbrukspolitisk aktør og ivareta Fylkesmannen sin rolle som kompetansesenter for kommunane på landbruksområdet. Det skal rapporterast for Fylkesmannens arbeid i 2009 i Fylkesmannens årsrapport.

Fylkesmannens er kompetanse-, klage-, og kontrollorgan for kommunane. Fylkesmannen skal legge til rette for opplæringstiltak overfor kommunane slik at dei best mogleg kan ivareta nye krav og oppgåver.

Det er viktig at Fylkesmannen har fokus på ressurssituasjonen i sin dialog med den politiske og administrative leiinga i kommunane. I den samanheng vil vi syne til at det i 2008 blei oppretta ein eigen funksjonskonto (329) for landbruk i Kostra-systemet. I løpet av våren 2009 vil tall bli tilgjengeleg her, slik at embeta kan følgje ressursbruken på området på ein betre måte.

Regjeringa ynskjer å forsterke kommunane si rolle innan næringsutvikling og entreprenørskap. Dette vil skje gjennom prosjektet "Videreutvikling av kommunenes arbeid med lokal næringsutvikling" som er ei vidareføring av pilotprosjektet "Kommunene som førstelinje for småskala næringsutvikling". Satsinga skal særleg ha fokus på marin og landbruksbasert næringsutvikling. Det regionale partnerskapet – fylkesmannen, fylkeskommunen og Innovasjon Noregs distriktskontor - skal i samarbeid med kommunane, avklare innretninga på arbeidet. IN er ansvarleg operatør for prosjektet og blir støtta av departementa Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Fiskeri- og Kystdepartementet.

Samarbeidsavtalen mellom LMD og KS gjeld t.o.m. 31.12.2009. Avtala synleggjer og bevisstgjer landbruksområdet for administrativ og politisk leiing, både regionalt og lokalt. Samarbeidet mellom KS regionalt og Fylkesmannen inngår som eit av elementa i avtala. I dei kommunane som deltek i arbeidet med programmet *Livskraftige kommuner-kommunenettverk for miljø- og samfunnsutvikling*, skal Fylkesmannen sjå til at arbeidet vert samordna med miljøarbeid på landbruksområdet.

Fylkesmannen må framleis gjere kommunane bevisste på deira ansvar for god kvalitet på KOSTRA-rapporteringa, særskilt gjeld det rapporteringa knytt til omdisponering etter Plan- og bygningslova. Departementet oppmøder Fylkesmannen til å nytte nettportalen folkevalgt.no i sin dialog med den politiske leiinga i kommunane.

2.1.3 Oppfølging av EUs vannrammedirektiv

Fylkesmannen har ansvar for å følgje opp mål og prosessar i EUs vannrammedirektiv. LMD har løyvd midlar til særskilde faglige utfordringar innan landbruk til å styrke arbeidet med å følgje opp vannforvaltningsforskrifta. Det skal rapporterast for Fylkesmannens arbeid i 2009 i Fylkesmannens årsrapport.

2.1.4 Særskilde prosjekt

Fylkesmennene i Rogaland, Hordaland, Aust-Agder og Vest-Agder starta i 2007 eit treårig samarbeidsprosjekt om kompetanse for tilsette i kommunal landbruksforvaltning.

Fylkesmannen i Rogaland får på vegne av dei andre embeta midlar til gjennomføring av prosjektets tredje og siste år. Fylkesmannen skal rapportere på arbeidet for 2009 i Fylkesmannens årsrapport.

Fylkesmannen i Troms får midlar til å vidareføre samarbeidet i nordområdet, *økt kontakt med Russland*. Fylkesmannen i Troms har eit særskild ansvar for å ivareta kontakta som er etablert i nordområdet. Det er særsviktig at Fylkesmannen i Troms i 2009 arbeider for kompetanseoverføring innan eigen organisasjon og til samarbeidande fylke. Fylkesmannen skal rapportere på arbeidet for 2009 i Fylkesmannens årsrapport.

2.1.5 Posterings

Prosjekt skal belastast på Kap. 1144 post 77 underpost 11 – Prosjekter.

Rovviltkompensasjon og kommunesatsingstiltak skal belastast på Kap. 1144 post 77 underpost 12 – Diverse.

Med helsing

Frøydis Vold (e.f.)
ekspedisjonssjef

Wenche Østrem
avdelingsdirektør

Kopi:
FAD
SLF
Riksrevisjonen

Vedlegg 1 - midlar til fordeling i embeta over kapittel 1144 post 77

Embete	Kommunerett a arbeid	Rovviltkompenса- jon	Prosjekt	Oppfølging av vannramme direktivet	Sum
Østfold	100 000	50 000		30 000	180 000
Hedmark	100 000	320 000		12 000	432 000
Oslo og Akershus	100 000	50 000		30 000	180 000
Oppland	100 000	250 000		12000	362 000
Buskerud	100 000			20 000	120 000
Vestfold	100 000			20 000	120 000
Telemark	100 000			12000	112 000
Aust-Agder	100 000			12000	112 000
Vest-Agder	100 000			12000	112 000
Rogaland	100 000		150 000	20 000	270 000
Hordaland	100 000			12000	112 000
Sogn og Fjordane	100 000			12000	112 000
Møre og Romsdal	100 000	150 000		20 000	270 000
Sør- Trøndelag	100 000	150 000		20 000	270 000
Nord- Trøndelag	100 000	250 000		20 000	370 000
Nordland	100 000	250 000		12000	362 000
Troms	100 000	200 000	300 000	12000	612 000
Finnmark	100 000	50 000		12000	162 000
SUM	1 800 000	1 720 000	450000	300 000	4 270 000

Vedlegg 2 – møtekalender 2009 for fylkesmannsembeta i regi av Landbruks- og matdepartementet og Statens landbruksforvaltning

Tidspunkt	Tema	Stad	Ansvarleg
24-25 feb	Landbruksdirektørsamling	Oslo-	LMD
Mars	Fagsamling – Vannforvaltning og landbruk	Oslo	SLF/Seksj. Miljø og klima
Mars/april	Fagsamling – Forvaltning/fagsystemer RMP	Oslo	SLF/Seksj. Miljø og klima
27 mai	Fellessamling IN – LMD -FM	Oslo	LMD/IN
Mai	Fagsamling – Off.pålegg i plante- og husdyrproduksjon	Oslo	SLF/ Seksj. Landbruks- og naturskadeerstatning
Mai/juni	Fagsamling – Utvalgte kulturlandskap i jordbruket	Oslo	SLF/Seksj. Skog og kulturlandskap
Mai/juni	SKAS-samling	?	SLF/Seksj. Skog og kulturlandskap
Mai/juni	Nettverkssamling – arealforvaltning (2 dager)	Oslo	SLF/Seksj. Arealbruksutvikling
Juni	Fagsamling – produksjonstilskudd og husdyrkonsesjon	?	SLF/seksj. Direkte tilskudd og seksj. Produksjonsregulering
August/september	Nettverkssamling – juridiske virkemidler (2 dager)	?	SLF/Seksj. Arealbruksutvikling
Ultimo august	Studietur landbruksdirektører	?	Landbruksdirektørenes AU
1. – 3. september	Skogfaglig samling	Vestfold	SLF/Seksj. Skog og kulturlandskap
September	Fagsamling - SMIL – evaluering og videre arbeid	Oslo	SLF/Seksj. Skog og kulturlandskap
Primo Oktober	Samling for landbruksdirektørene i forbindelse med statsbudsjettet	Oslo	SLF/LMD